

styringsdialog, nettverk og prosjekt. Dette er forhold som vil verte svekka om ein avviklar føretaket og styret.

Sjukehusapoteka Vest er underlagt konsesjonsplikt etter Apoteklova med eigarkonsesjon på føretaksnivå og driftskonsesjon på apoteknivå. Ved ei avvikling av føretaket må eigarkonsesjon flyttast til det regionale helseføretaket. Det er så langt vi kan sjå ikkje noko i Apoteklova som hindrar dette, men spørsmålet bør eventuelt avklarast nærmare.

Det må vere ein føresetnad at dersom ein skal endre organiseringa av spesialisthelsetenesta må det vere fordi ein har klart å identifisere ein modell som er betre egna til å møte dei utfordringane spesialisthelsetenesta står ovanfor. Ein slik modell er i dag vanskeleg å få auge på.

Sjukehusapoteka Vest vil vise til at helseføretaksmodellen har vore gjenstand for utvikling – til det betre – gjennom dei åra modellen har eksistert, og det er vår vurdering at ein vidareføring av modellen med merksemd på gradvis vidareutvikling og forbetring står fram som den mest robuste og minst risikofylte løysing.

Sjukehusapoteka Vest vil understreke at det er vår vurdering at alle dei modellane som er omtalt i utgreiinga vil føre til sentralisering, noko vi ser på som ei lite ønska utvikling. Sjukehusapoteka Vest vil understreke betydninga av å behalde eit regionalt avgjerdsnivå. Noko anna vil innebere sentralisering, det vil bety mindre legitimitet for dei avgjersler som skal takast, og det vil gi eit dårlegare utgangspunkt for å utvikle gode regionale samarbeidsrelasjonar.

Sjukehusapoteka Vest vil tilrå at gjeldande modell for organisering og styring av spesialisthelsetenesta blir vidareført. Dagens modell framstår som det klart beste alternativ samanlikna med dei modellane som utvalet har vurdert.

Venleg helsing

Ola Rye
Konstituert Administrerande direktør